



Sogndal 30.11.2021

Møtebok for Sogndal kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 29.11.2021

Møtetid: kl. 10:00 – 14:00

Møtestad: Stedjetunet (Kyrjekontoret)

Til stades:

Per Hilleren, Helge Ulvestad, May Kristel Bødal, Vegard Bondevik Lie, Frode Bøthun, Jorunn Merete Haukås-Eide.

Jostein Risa deltok under sak: 037/21 og 040/21.

Hallgeir Øgaard Westli deltok under sak 038/21.

Meldt forfall:

Jon Erling Oppedal, Elin Borlaug Hauge, Magne Ahlin, Berit C. Orheim, Sverre Tufte Mundal.

Vegard Bondevik Lie opna møtet med ord for dagen.

Saker

Sak 037/21 Revisjon av lokale gravplassvedtekter i samband med namna minnelund mm

Vedtak:

- 1) Sogndal kyrkjelege fellesråd har drøfta framlegg til reviderte gravplassvedtekter og vedtek framlegg til «Forskrift om gravplassvedtekter, Sogndal kommune, Vestland fylke» med nokre justeringar av framlegget etter drøfting i møtet:
 - Kutta kravet om søknad om køyring på gravplassen for personar med dokumentert sjukdom/forflytningshemming.
 - Kutta to avsnitt om erstatningsansvar ved skade (i § 7 og § 8) jf at dette alt er regulert i §10 i gravplassforskrifta
 - La til §15 om gravplassmyndigheita sitt høve til å dispensere frå nokre paragrafar i vedtektene
 - I § 11 vart det lagt til høve til å overføre namn på ein tidlegare gravlagd til same minneplate som gravlagd på namna minnelund i samband med gravlegging der. Dette punktet med atterhald om dispensasjon frå Barne- og familiedepartementet, sjå punkt 3 under.
 - Nokre mindre språklege justeringar
- 2) Framlegget vert lagt ut til offentleg høyring med høyringsfrist 31.desember 2021, kunngjort ved annonse i Sogn Avis. Innkomne høyringsfråsegner vil verte handsama i fellesrådet sitt januarmøte før innsending av endeleg framlegg til



vedtekter til Statsforvaltaren for godkjenning.

- 3) Fellesrådet vil søkje Barne- og familiedepartementet om dispensasjon til å opne for overføring av namn på tidlegare gravlagd person til felles minneplate på namna minnelund. Ein søker om godkjenning av denne teksten i dei lokale vedtektene §11, siste avsnitt:

I namna minnelund er det høve til å tilføye eit ekstra namn på eksisterande namneplate, sjølv om vedkomande er gravlagd ein annan stad. Dette kan vere anten ektefelle, sambuar, barn eller forelder til den som er gravlagd på minnelunden. Namnet må då fjernast frå det opphavslege gravminnet.

Sak 038/21 Høyring - ny kyrkjeleg organisering

Vedtak:

Fellesrådet drøfta spørsmåla i høyringa om ny kyrkjeleg organisering, og samla seg om eit høyringssvar som administrasjonen sender inn innan fristen 1. desember 2021.

Høyringssvar:

HØYRINGSSPØRSMÅL TIL KYRKJELEGE HØYRINGSINSTANSAR

Dette word-dokumentet er meint som eit verktøy i sakshandsaming i kyrkjelege rådsorgan. Det er **IKKJE** høve til å sende inn høyringssvar i dokument-format.

ALLE SVAR MÅ BLI FYLT UT I ELEKTRONISK SVARSKJEMA av ein person:

<https://surveys.enalyzer.com?pid=dimb3n6f>

Dei 48 spørsmåla i dette dokumentet er dei same som i høyringsnotatet, og dei same som i det elektroniske svarskjemaet.

Innleiande spørsmål

01. Namn på høyringsinstans **Sogndal kyrkjelege fellesråd**

02. Type høyringsinstans

a. Sokneråd

For sokneråd:

Kor mange medlemmer i soknet?

0-2000 / 2 001-10 000 / Over 10 001

b. Fellesråd

For sokneråd og fellesråd:

Kva bispedømme / kva prosti **Björgvin Bispedømme/Sogn Prosti**

Kor mange sokn er det i fellesrådsområdet? **6 sokn**

Kor mange tilsette er det i fellesrådet (heiltids- og deltidstilsettingar)?

16 tilsette (5 heiltidstilsette, 11 deltidstilsette)

Kor mange prestar har sin tenestestad i sokn i fellesrådsområdet?

5 prestar + 1 prost (2 deltidstilsettingar (50%) som prest, 1 vakant 100% prestestilling, 50% stilling som prost)



- c. Arbeidstakarorganisasjon
- d. Arbeidsgjevarorganisasjon
- e. Verneteneste
- f. Utdanningsinstitusjon
- g. Forskingsinstitusjon
- h. Barne- og ungdomsorganisasjon
- i. Interesseorganisasjon
- j. Valliste
- k. Enkelperson
- l. Andre, spesifiser

03. Kontaktperson hjå høyringsinstansen [Namn / Stilling/verv / E-post-adresse] **Jorunn Merete Haukås-Eide, kyrkjeverje, e-post: jorunn.merete@sogndal.kyrkja.no**

Høyringsspørsmål til forslaga frå utvalet

Del 1. Etablering av prostifellesråd og dagleg leiing

1. Om etablering av prostifellesråd som arbeidsgjevarorgan

Kyrkjerådet ynskjer å få høyringsinstansane sitt synspunkt på «grepet» med å etablere kommuneoverskridande prostifellesråd til erstatning for dagens kyrkjelege fellesråd, der prostifellesråda vil vere arbeidsgjevar for både dagens fellesrådstilsette og kyrkjelydsprestane.:

04. Kva er fordelar og mogelegheiter med å etablere eit felles kyrkjeleg organ på eit justert prostinivå der dette prostifellesrådet skal vere arbeidsgjevarorgan for alle dei som arbeider lokalt? [fritekst]

Me vonar på mindre bruk av deltid, større fagmiljø, ein samla organisasjon (samla under same «paraply»), større og meir attraktive stillingar, enklare konflikthandtering, like målsetjingar, felles mål og visjon, stordriftsfordelar.

05. Kva er ulemper og risiko med å etablere felles kyrkjeleg organ på prostinivå der dette prostifellesrådet skal vere arbeidsgjevar for alle dei som arbeider lokalt? [fritekst]

Kan føre til større byråkrati, større geografiske områder gir større avstandar geografisk og reiseavstandar for personalet, avstand til leiinga, og kanskje også større avstand til kommunen/kommuneleiinga.

06. Kva tiltak kan setjast i verk for å redusere eventuelle uheldige konsekvensar ved å etablere kommuneoverskridande prostifellesråd? [fritekst]

Fornuftig justering av prostigrenser, tydlege, langsiktige og forpliktande avtalar mellom prostiet og kommunen/-ane, tilstrekkeleg leiingskapasitet. Balanse mellom geografi og tidsbruk til reise i stilling. Vi ser føre oss at t.d. Sogn prosti må delast.



07. Andre innspel eller synspunkt på det å etablere prostifellesråd som felles arbeidsgjevarorgan for alle dei som arbeider lokalt i kyrkja, og til erstatning for dagens kyrkjelege fellesråd?

At ein får justerte prostigrenser som gir eit fungerande område både å arbeide i for dei tilsette, men også for kyrkjelydane å forhalde seg til.

Medlemmene i utvalet har lagt vekt på ulike omsyn når dei anbefalar modell for arbeidsgjevarorganisering på prostinivå, og utvalet er difor delt i anbefalinga. Moment som har vore vektlagt er mellom anna kor gjennomførleg modellen er, om den er eigna til å nå målet om at kyrkja skal «henge godt saman lokalt, regionalt og nasjonalt», om den gjev auka mogelegheit for strategisk leiing av kyrkja si verksemd lokalt og om den kan bidra til å nå målet om at Den norske kyrkja skal vere ein attraktiv arbeidsplass med god leiing. Med omsyn til desse momenta og dykkar erfaringar:

08. Kva modell for arbeidsgjevarorganisering er å anbefale? [Modell 1 / Modell 2 / Modell 3] Grunngeiv kvifor og spesifiser gjerne kva mål de har lagt mest vekt på (sjå avsnitt 2.3 og kapittel 9 i rapporten) [fritekst]. **Me vil tilrå modell 1, men det er viktig at det mynde som soknet har vert behalde, og også viktig å bevare den lokale tilknytninga til kommunane. Viktig å behalde den nasjonale einskapen gjennom biskopen sin funksjon.**

09. Har høyringsinstansen synspunkt på korleis tilsetjingar bør gå føre seg? [fritekst]

Soknet må vere innstillingsnemnd når prostifellesrådet gjer tilsetjingar i stillingar med arbeid i gjeldande sokn. Biskopen bør vere høyringsinstans for tilsetjingar i alle dei vigsle stillingane.

10. I dagens modell er det to arbeidsgjevarlinjer og Kyrkjemøtet har vedteke mål om ei felles arbeidsgjevarlinje. Kyrkjerådet ynskjer å høyre følgjande:

- Finst det ein betre modell for å nå målet om ei arbeidsgjevarlinje enn forslaga som er presentert i denne høyringa? I så fall, grunngeiv og skildre dette [fritekst]. **Har ikkje andre framlegg.**
- Ynskjer de å oppretthalde dagens ordning med to arbeidsgjevarlinjer, med eventuelle justeringar, på tross av Kyrkjemøtet sitt vedtak om éi arbeidsgjevarlinje? [Ja / Nei / Dersom ja, grunngeiv svaret]. **Nei**

2. Dagleg leiing i prostifellesrådet

11. Utvalet har lagt vekt på ulike omsyn når dei anbefalar modell for dagleg leiing. Moment som har blitt vektlagt er mellom anna om modellen gjev auka mogelgheit for strategisk leiing av kyrkja si verksemd lokalt og om modellen bidret il målet om å vere ein attraktiv arbeidsplass med god leiing. Med omsyn til desse momenta og dykkar erfaringar: Kva modell for dagleg leiing er i sum å føretrekke? [Modell 1 / Modell 2 / Modell 3] [Grunngeiv kvifor og spesifiser gjerne kva mål de har lagt mest vekt på (sjå avsnitt 2.3 og kapittel 9 i rapporten) [fritekst]].

Me går inn for modell 1. Modellen gjev fleksibilitet i høve til å finne den best moglege leiaren ut frå kvalifikasjonar og eigenskapar, både innanfor kyrkjefag og administrasjon.

12. Finst det andre og betre modellar for dagleg leiing som er å føretrekke? Forklar kva og korleis den føreslegne modellen på ein betre måte svarar ut måla for abeidet [fritekst].



13. Kva nasjonale krav til kvalifikasjonar bør det bli stilt til den daglege leiaren? [Alternativ 1: Det er tilstrekkeleg at dagleg leiar er medlem og har eit engasjement for kyrkja sin bodskad / Det må bli stilt nasjonale krav i tillegg til dei som er sett opp i alternativ / Har de andre synspunkt på nasjonale krav? [Fritekst]].

Det bør utarbeidast nasjonale kompetanse- og kvalifikasjonskrav til leiinga i prostiet som best mogleg ivaretek både organisasjon og leiing, og kyrkjefag. Personlege eigenskapar og erfaring må vektleggjast.

14. Müller-Nilssen-utvalet har nytta omgrepa «kyrkjevevje» og «prost», men har poengtert at desse kan få nytt innhald og nye titlar. Gjeve at innhaldet vil bli noko endra, bør desse at titlane bli vidareført i ny organisering, eller bør dei bli endra? [Titlane bør ikkje bli endra / Titlane bør bli endra / Grunnge og spesifiser eventuelt forslag].

Me meiner at titlane ikkje bør bli endra. Det er gamle gode tradisjonsberande titlar innanfor kyrkja, og kjente begrep.

Del 2. Oppgaver og ansvar på dei ulike nivåa

3. Biskopen si rolle

15. Gjeve at arbeidsgjevaroppgåvene vert samla i prostifellesrådet, kva bør bli gjort for å styrke biskopen sitt tilsynsansvar overfor sokn, tilsette og råd? [Fritekst]

Vidareføre og styrke biskopen og bispedømekontoret sin rådgjevande funksjon. Reduksjon av arbeidsgjevar-funksjonen aukar moglegheita for tilsyn og rådgjeving.

Alt etter kva slags arbeidsgjevarmodell som blir valt, kva slags verkemiddel bør biskopen ha for å ivareta si leiar- og tilsynsrolle? **Tydeleg formalisering av tilsyn, ansvar og funksjon for biskopen. Biskopen bør også vere høyringsinstans i samband med tilsetjingar i vigsla stillingar.**

16. Gjeve at arbeidsgjevarmodell 2 blir valgt, der dei som arbeider lokalt blir tilsett i RDNK, bør biskopen ha eit sjølvstendig arbeidsgjevaransvar, eller bør biskopen si tilsynsrolle vere frikopla frå arbeidsgjevaransvaret? [Biskopen bør ha eit sjølvstendig arbeidsgjevaransvar / Biskopen si tilsynsrolle bør bli frikopla frå biskopen sitt sjølvstendige arbeidsgjevaransvar / Grunngeving i fritekst]. **Me meiner at biskopen si tilsynsrolle bør bli frikopla frå biskopen sitt sjølvstendige arbeidsgjevaransvar. Dette vil gi meir tid til kontakt med den lokale kyrkja gjennom tilsyn og oppmøte t.d. på prostimøta. Jmfr. Statsforvaltaren sitt tilsynsansvar overfor kommunane.**
17. Kva slags oppgaver meiner høyringsinstansen det er viktig at biskopen tek hand om? [Fritekst]. **Biskopen bør vere høyringsinstans ved tilsetjing i vigsla stillingar, vere ein frontfigur for kyrkja, ha tilsyn med kyrkjelydane, synleggjere kyrkja i off. debatt, og pådrivar for kyrkjefagleg utvikling.**
18. Er høyringsinstansen einig eller ueinig i følgjande tiltak? [Heilt ueinig/litt ueining/verken eller/litt einig/heilt einig. Grunnge [Fritekst]].

- I. Det må bli etablert ein tydeleg samanheng mellom biskopen, prosten og den øvrige leiinga i prostiet som legg til rette for samarbeid og samhandling innan bispedømet, gjennom faste møtepunkt gjennom året. **Heilt einig.**



- II. Biskopen må sikrast ein fagleg kompetent stab. **Heilt einig.**
- III. Biskopen må sikrast ei rolle i tilsetjingssaker [Viss einig, spesifiser korleis?]. **Heilt einig. Høyringsinstans ved tilsetjing i vigsla stillingar.**
- IV. Biskopen må kunne kalle inn alle kyrkjelege medarbeidarar til fagsamlingar og kompetansehevande tiltak **Heilt einig.**
- V. Det bør vere korte prostivisitasar for å sikre biskopen dei nødvendige verkemiddel til å utøve tilsynsansvaret på ein god måte. **Heilt einig.**

4. Bispedømeråda sine oppgaver

19. Kva bør vere dei sentrale oppgåvene for bispedømerådet? [Fritekst]

Strategisk og fagleg utvikling. Tilsette på bispedømekontora har ein god rådgjevande funksjon som må vidareførast.

5. Oppgåver og ansvar for nytt folkevald organ – prostifellesrådet

20. Bør prostifellesrådet ha føremålsbestemming som utvalet foreslår? [Ja / Nei. Dersom nei, spesifiser kva som bør bli endra]

Ja, støttar føremålsbestemminga slik den ligg føre, men ynskjer ei tilføyning om det økonomiske og administrative ansvaret som ligg på rådet.

21. Müller-Nilssen-utvalet har brukt «prostifellesråd» som namn på nytt folkevald organ. Er dette eit godt namn, eller er det andre forslag? [Ja / Nei, spesifiser / Ingen merknad]

Ja – prostifellesråd eller prostiråd.

6. Oppgåver og ansvar for soknerådet

22. Bør soknerådet få eit ansvar for gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar, dvs. det ansvaret som ikkje er avgrensa av forordninga til biskopen, liturgiske bestemmingar frå Kyrkjemøtet og presten sin sjølvstende, gjeve av ordinasjonen? [Ja / Nei / Grunngje i fritekst].

Ja. Soknerådet sitt mynde må vere ivareteke. Det gir engasjement lokalt, og eit medansvar i tillegg til prest, prost og biskop. Godt samspel mellom sokneråd og sokneprest.

23. Bør soknerådet si rolle i tilsetjingar av dei som arbeider i soknet bli tydeliggjort og nedfelt i kyrkjeordninga eller i anna kyrkjeleg regelverk? [Ja, dersom ja spesifiser kva og kvifor. / Nei, dersom nei, spesifiser kvifor].

Ja. Soknerådet bør vere innstillingsnemnd, jfr. Svaret i spørsmål 9.

24. Er det oppgåver i dag som blir gjort av fellesrådet som heller bør ligge til soknerådet? Og motsett: Oppgåver som i dag ligg til sokneråda som bør ligge hos prostifellesrådet? [Spesifiser i stikkordsform].

Det er ein logisk arbeidsfordeling mellom sokneråd og fellesråd i dag som bør bli vidareført.



7. Prostimøte

25. Er det tenleg å opprette eit årleg prostimøte?

[Ja, som et rådgjevande organ for prostifellesrådet innanfor m.a. strategi og satsingar i prostiet / Ja, som eit organ med formell avgjerdsrett som vedtek rammebudsjett, godkjenner årsmelding og rekneskap / Nei. Viss nei, mogeleg å spesifisere kvifor.]

Ja, som eit rådgjevande organ for prostifellesrådet innanfor strategi og satsingar i prostiet. Gjerne kombinert med kurs/fagdagar.

Del 3. Kyrkjeleg demokrati, val og samansetning

Trussamfunnslova sitt kapittel 3 har som føreål å legge til rette for at Den norske kyrkja forblir ei landsdekkande og demokratisk evangelisk-luthersk folkekyrkje. Dette er i samsvar med Den norske kyrkja si sjølvforståing, slik den er uttrykt av Kyrkjemøtet. Eitkvart medlem i Den norske kyrkja som fyller 15 år innan utgangen av valåret, har røysterett i kyrkjelege val. I denne delen er spørsmål knytta til kyrkjeleg demokrati, valordningar og samansetninga av kyrkjelege organ samla.

8. Soknerådet og prostifellesrådet

26. Utvalet har vurdert korleis prostifellesrådet bør veljast, og foreslår at prostifellesrådet blir valt av sokneråda. Er høyringsinstansen einig i dette? [Einig. Begrunn: / Ueinig. Begrunn: / Andre forslag (fritekst)]

Einig. Det vil synleggjere soknet som grunneining, og det sikrar deltaking frå alle sokn.

27. Utvalet foreslår ein representant frå kvart sokneråd i prostifellesrådet. Einig?
[Einig / Ueinig. Viss ueinig, spesifiser endring]

Einig. I oppstartsfasen er det viktig med brei representasjon. På sikt må rådet finne fornuftig og formålstenleg samansetjing.

28. Bør det vere kommunal representasjon i prostifellesrådet?
[Ja, med full røysterett / Ja, med møte- og talerett / Nei / Eventuell fritekstkommentar]

Ja, med full røysterett. Viktig at kommunen har ei røyst, og på den måten eigarskap til arbeidet.

29. Har høyringsinstansen andre synspunkt på soknerådets og prostifellesrådets samansetning?
[fritekst]

Sjå svar på spørsmål 27.

9. Bispedømerådet

30. Kva samansetning av bispedømerådet bør veljast?

[Alternativ 1: Kyrkjemøtemedlemmar valt frå bispedømet (som i dag) / Alternativ 2: Eit prostifellesrådsmedlem frå kvart prostifellesråd / Alternativ 3: Kyrkjemøtemedlemmane valt frå bispedømet og eit prostifellesrådsmedlem frå kvart prostifellesråd (utvalets anbefaling)] **Me går inn for alternativ 2, men ynskjer i tillegg at det skal vere ein geistleg representant og ein lek-kyrkjeleg representant frå dei tilsette med i rådet.**



10. Kyrkjemøtet

31. Bør talet på Kyrkjemøte-medlemmar frå kvart bispedøme fastsetjast (vektast) relativt til medlemstal i bispedømet? [Ja / Nei / Grunngeving i fritext]

Nei. Eit fast tal medleamar frå kvart bispedømeråd (t.d. 3) bør utgjere Kyrkjemøtet, med reglar for representasjon av begge kjønn, alder og liknande.

32. Bør ordninga med val av prest til Kyrkjemøtet bli avvikla? [Ja / Nei / Grunngeving i fritext] **Nei.**

33. Bør ordninga med val av lek kyrkjeleg tilsett til Kyrkjemøtet bli avvikla? [Ja / Nei / Grunngeving i fritext] **Nei.**

34. Viss ordninga med val av prest og/eller lek kyrkjeleg tilsett blir avvikla, i kva grad bør prestar og leke kyrkjeleg tilsette vere valføre til Kyrkjemøtet? [Dei bør vere valføre som folkevalde, med unnatak av tilsette på bispedømekontora og i Kyrkjerådet sitt sekretariat / Dei bør ikkje vere valbare / Anna, spesifiser].

Dei bør vere valføre som folkevalde, med unnatak av tilsette på bispedømekontora og i Kyrkjerådet sitt sekretariat.

35. Andre merknader til Kyrkjemøtet si samansetning? [Fritext] **Nei.**

11. Kyrkjerådet

36. Korleis bør Kyrkjerådet veljast hvis det er fleire lister i Kyrkjemøtet?
[Fleirtallsval / Førhaldsval (listeval) / Avtaleval / Avtaleval viss gruppene blir samde. Viss ikkje: førhaldsval / Ei anna ordning. Forklar i fritext].

Fleirtallsval/førhaldsval (listeval).

37. Korleis bør Kyrkjerådet vere sett saman, viss ordninga med val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til Kyrkjemøtet blir avvikla?

[1. Av leiar, 15 andre folkevalde medlemmar og preses i Bispemøtet (utvalet sitt forslag) / 2. Av leiar, elleve andre folkevalde medlemmar og preses i Bispemøtet / 3. På anna vis; spesifiser]

Alternativ 1 – av leiar, 15 folkevalde medlemmar og preses i Bispemøtet.

38. Korleis bør Kyrkjerådet vere sett saman, viss ordninga med val av prest og lek kyrkjeleg tilsett ikkje blir avvikla? [1. Av leiar, elleve folkevalde medlemmar, fire prestar, ein lek kirkelig tilsett og preses i Bispemøtet (som i dag) / 2. Av leier, elleve folkevalde medlemmar, ein prest, ein lek kyrkjeleg tilsett og preses i Bispemøtet / 3. På anna vis; spesifiser]

Alternativ 2 – av leiar, elleve folkevalde medlemmar, ein prest, ein lek-kyrkjeleg tilsett og preses i Bispemøtet.

39. Kva alternativ for krav til balanse mellom kvinner og menn i Kyrkjerådet bør nyttast?
[Krav om minst 40 prosent kvinner og menn i Kyrkjerådet etter valoppgjeret / Krav om minst 40 prosent kvinner og menn på vallista]

Krav om minst 40% kvinner og menn i Kyrkjerådet etter valoppgjeret.



Del 4. Relasjon til kommunane og ny prostiinndeling

12. Om relasjon til kommunane

Dersom Kyrkjemøtet vedtek ei ordning med prostifellesråd;

40. Kva for nokre av tiltaka som er nemnt nedanfor er viktige for å halde ved lag ein god relasjon mellom kyrkje og kommune? (For kvart alternativ: Svar på ein skala frå 1-5, der 5 er veldig viktig, medan 1 er heilt uviktig)

- a. Vidareføre en ein til ein-relasjon mellom kommune og prostifellesrådet i samband med budsjettprosessar og anna samarbeid mellom kyrkje og kommune, slik det i dag er det mellom kommunane og fellesrådet. **5**
- b. Skilje mellom driftsbudsjett og investeringsbudsjett, slik at kommunane kan vere sikre på at investeringar som kommunen gjer kjem kommunen til gode. **5**
- c. Styrkje kyrkja si rolle som aktør i samskaping for kommunane, ved å skape nye tilbod saman og samarbeide om eksisterande prosjekt. **5**
- d. Anna; spesifiser i fritekst. **Tydlege, langsiktige og forpliktande avtalar mellom prostiet og kommunen/-ane. Det finst mange gode erfaringar med interkommunale samarbeid frå tidlegare.**

13. Ein ny prostistruktur

41. I kva grad meiner de at utvalet har peika på dei relevante omsyna som det bør leggst vekt på ved fastsetting av nye prostigrenser. Svar på ein skala frå 1-5 der 5 er veldig relevant medan 1 er veldig irrelevant. Er det eventuelt andre omsyn som bør leggst vekt på? **5. Ja, utvalet har peika på det mest vesentlege.**

42. I kva grad opplever de dagens prostigrenser som I hvilken grad oppleves dagens prostigrenser som føremålstenlege for etablering av prostifellesråd? [Svært føremålstenlege / Nokså føremålstenlege / Verken eller / Nokså lite føremålstenlege / Svært lite føremålstenlege]. **Verken eller.**

43. Andre synspunkt på prostistrukturen, til dømes kva som er ein eigna storleik på eit nytt arbeidsgjevarorgan? **Fornuftige prostigrenser i høve folketal og geografi.**

14. Samisk kirkeliv

44. Bør det veljast ein eigen samisk representant i prostifellesrådet i dei prostia som har minst eitt sokn som ligg i forvaltningsområdet for samisk språk? [Ja / Nei / Grunngjeving] **Ikkje relevant å svare på då vårt fellesrådsområde og prostiområde ligg utanfor forvaltningsområdet for samisk språk.**

45. Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering på lokalt nivå? [fritekst] **Ikkje relevant å svare på då vårt fellesrådsområde og prostiområde ligg utanfor forvaltningsområdet for samisk språk.**

46. Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering med folkevalt organ på prostinivå? [fritekst] **Ikkje relevant å svare på då vårt fellesrådsområde og prostiområde ligg utanfor forvaltningsområdet for samisk språk.**



47. Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering på nasjonalt nivå?
[fritekst] **Ikkje relevant å svare på då vårt fellesrådsområde og prostiområde ligg utanfor forvaltningsområdet for samisk språk.**

15. Andre innspel eller synspunkt

48. Viss de har andre innspel eller synspunkt til rapporten eller saka om kyrkjeleg organisering kan de skrive det her [fritekst]

Sak 039/21 Skriv og meldingar 29.11.2021

Vedtak:

Skriva og meldingane blir tekne til vitande.

Sak 040/21 Framlegg til avgifter knytt til ny namna minnelund. Framlegg til festeavgift

Vedtak:

I samband med gravplassutviding på Stedje kyrkjegard der det no kjem både urnegraver og namna minnelund, gjer Sogndal kyrkjelege fellesråd framlegg om desse avgiftene for graver i Sogndal gjeldande frå 1.1.2022. Sogndal kommune fastset avgiftene jf §21 i gravplasslova.

Festeavgifter for ordinære graver :

- Festeavgift for kistegrav kr 300 per grav per år (uendra)
- Festeavgift for urnegrav kr 200 per grav per år

Avgifter knytt til namna minnelund:

- Gravferdsavgift ved bruk av namna minnelund kr 6.000
(eingongssum som inkluderer første minneplate med inskripsjon, samt planting og vedlikehald av felles gravminne på minnelunden i perioden med fri grav, dvs første 20 år.)
- Gravferdsavgift ved bruk av namna minnelund ved tilføyning av namn på eksisterande minneplate: kr 2.000
- Festeavgift for kistegrav i minnelund kr 150 per grav per år
- Festeavgift for urnegrav i minnelund kr 100 per grav per år

Festeavgiftene gjeld både feste av grav der periode med fri grav har gått ut og feste av grav attmed fri grav.



DEN NORSKE KYRKJA
Sogndal kyrkjelege fellesråd

Før Sogndal kyrkjelege fellesråd
Jorunn Merete Haukås-Eide
Jorunn Merete Haukås-Eide
Kyrkjeverje i Sogndal

Underskrivarar

Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet.

